

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 158/2021

av 23. april 2021

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852 av 17. mai 2017 om kvikksølv og om oppheving av forordning (EF) nr. 1102/2008⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Innlemminga av forordning (EU) 2017/852 rører ikkje ved det faktum at handel med tredjeland fell utanfor verkeområdet til EØS-avtala, og føresegnene i forordninga som forbyr eksport og import av kvikksølv, skal difor ikkje gjelde for EFTA-statane.
- 3) Forordning (EU) 2017/852 opphevar forordning (EF) nr. 1102/2008⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 4) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i EØS-avtala vedlegg XX nr. 22a (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1102/2008) skal lyde:

”**32017 R 0852**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852 av 17. mai 2017 om kvikksølv og om oppheving av forordning (EF) nr. 1102/2008 (EUT L 137 av 24.5.2017, s. 1).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga lesast med følgjande tilpassingar:

- a) I artikkel 2 nr. 6 skal orda ’artikkel 28 nr. 2 i TVEU’ bytast ut med orda ’artikkel 8 i EØS-avtala’.
- b) I artikkel 2 nr. 6 og 7 skal orda ’eller territoriet til EFTA-statane’ tilføyast etter orda ’tollområdet til Unionen’.

(1) TEU L 137 av 24.5.2017, s. 1.

(2) TEU L 304 av 14.11.2008, s. 75.

- c) I artikkel 2 nr. 7 skal ordet 'annan' og orda 'enn EU-prosedyren' ikkje nyttast på EFTA-statane.
- d) Eksport- og importrestriksjonane i artikkel 3, 4 og 5 skal ikkje nyttast mellom EU og EFTA-statane. Dette rører ikkje ved strengare eksport- og importforbod som måtte eksistere i ein EFTA-stat på tidspunktet for innlemming av forordninga i EØS-avtala. EFTA-statane skal gjere effektive tiltak for å sikre at kvikksølv ikkje vert eksportert frå eller importert til EU via ein EFTA-stat.

- e) I artikkel 8 nr. 4 skal nytt ledd lyde:

'Når ein marknadsdeltakar har gjeve dei rette styresmaktene i ein EFTA-stat melding i samsvar med nr. 3 og EFTA-staten meiner at kriteria som er nemnde i nr. 6 første leddet, er oppfylte, skal EFTA-staten sende meldinga over til Kommisjonen. Den EFTA-staten som det gjeld, skal melde frå til Kommisjonen dersom han meiner at kriteria som er nemnde i nr. 6 første leddet, ikkje er oppfylte.'

- f) I artikkel 8 nr. 6 skal nytt ledd lyde:

'Kommisjonens gjennomføringsrettsakter, som fastset om eit aktuelt nytt produkt med tilsett kvikksølv eller ein aktuell ny framstillingsprosess er godkjend, skal generelt nyttast og skal takast inn i EØS-avtala.'

- g) I artikkel 10 nr. 1 skal orda 'Frå 1. januar 2019', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'Frå eitt år etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

I artikkel 10 nr. 2 skal orda 'Frå 1. juli 2018', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'Frå seks månader etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

I artikkel 10 nr. 3 skal orda 'Innan 1. juli 2019', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'Frå atten månader etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

I artikkel 10 nr. 4 skal orda 'Frå 1. januar 2019', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'Frå eitt år etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

I artikkel 10 nr. 4 bokstav a) skal orda 'frå 1. januar 2018', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'frå den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

I artikkel 10 nr. 4 bokstav b) skal orda 'frå 1. januar 2021', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'frå tre år etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.

- h) I artikkel 18 nr. 1 skal orda 'Innan 1. januar 2020', når det gjeld EFTA-statane, forståast som 'Frå to år etter den datoen då avgjerd i EØS-komiteen nr. 158/2021 av 23. april 2021 tek til å gjelde'.
- i) Artikkel 18 nr. 1 bokstav b) skal ikkje nyttast på EFTA-statane.”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EU) 2017/852 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. april 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 23. april 2021.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.